



Vivian Moen
Hylkjevegen 60 C
5109 HYLKJE

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/7848 - 18/4983

Saksbehandlar:
Trygve Solberg
Trygve.Solberg@lindas.kommune.no

Dato:
15.02.2018

Ferdigattest bruksendring kjeller - gbnr 137/156 Alver

Administrativt vedtak. Saknr: 081/18

Tiltakshavar: Vivian Moen

Ansvarleg søkjar:

Søknadstype: Søknad om ferdigattest etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 05.08.2015. For tiltak med krav til uavhengig kontroll ligg det føre dokumentasjon for utført sluttkontroll.

Det vert elles vist til søknad og annen dokumentasjon motteken 22.01.2018.

Skildring

Adresse:	Kubbaleitet 12B
Bygningstiltak:	Bruksendring kjeller
Bygningsnummer:	176250151
Bruksareal:	Ca. 130m ²
Avlaup:	Privat anlegg
Vatn:	Kommunalt

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-10 vert det gjeve ferdigattest for etablering av sekundærbustad i underetasjen i eksisterande bustad på gbnr 137/156.

Lindås kommune føreset at tiltaket er i samsvar med branntekniske krav i TEK 10.

Bygningen eller delar av den må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.



Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 14/7848

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar byggesak

Trygve Solberg
sakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Straume Byggkompetanse AS
Vivian Moen

Smålonane 2 5353
Hylkjevegen 60 C 5109

STRAUME
HYLKJE